

## And-delsbrev no til sals

31.05.2012



**Andeløpet er ein fast knagg på Aktivitetsdagens program og idrettslaget håpar på ein ny god slant av løpet til styrking av tilbodet. And-delsbrev er til sals for 100 kroner både ute på bygda og i fleire butikkar og premiane bør frista nokon kvar.**

**Vinnaren av det sikkert dramatiske oppgjeret ned elva får reisegåvekort på 10 000 og deretter kjem gåvekort på Spar1 for 5 000 og 1 500 kroner, Det er SPAR, Byggeriet og Gros Blomster som sel and-delsbrev. Inntekten går uavkorta til idrettslaget**

Startskotet går 14.30 eit stykke oppe i elva og mål er like nedanfor brua. Hvis endene ikkje er utsolgt går det an å kjøpe på sjølve DAGEN, men det er ikkje å anbefale. Dei 450 endene går nok unna!

På biletet er Ivar Gundersen klår til slipp ved Djupehølen under ein tidlegare aktivitetsdag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen